

## EMNERAPPORT – 2011 HAUST

Emnekode: NOR-U3/ Kurs i norsk språk og kultur for framandspråklege studentar, trinn 3.

### **Faglærer si vurdering av gjennomføring:**

NOR-U3 er eit norsk kurs for vidarekomne norskinnlærarar. Det er eit krav at studentane enten skal ha bestått NOR-U2 eller ha tilsvarande ferdigheiter i norsk språk. I det siste tilfellet vert opptak på kurset basert på ein plasseringsprøve. Også i haust fungerte denne plasseringa stort sett bra, sjølv om det vart nokre byte av nivå for studentar i byrjinga av semesteret. Dette gjaldt fyrst og fremst studentar som ynskte seg frå trinn 2 til trinn 3.

Hausten 2011 vart det halde fem kurs på trinn 3 over ein periode på 13 undervisningsveker. To av kursa hadde undervising to dagar per veka à tre timar (3C og 3D). Desse kursa gjekk på ettermiddagstid og var for studentar og tilsette. To andre kurs (3B1 og 3B2) gjekk over ti timar i veka, og dette var eit spesielt tilrettelagt kurstilbod til flyktningar og innvandrarar på dagtid. I tillegg vart det oppretta eit eige kurs med langsam progresjon (3A) på 2 timar i veka, og dette kurset held fram våren 2012 med eksamen i mai. Det siste kurset var særleg eit tilbod til tilsette som hadde behov for meir tid for å ta eksamen. Her vart det peika på at to timar i veka kanskje vart litt lite for studentane, og våren 2012 blir dette kurset difor fire timar i veka.

Ettermiddagskursa gjekk føre seg i grupper på opptil 25 studentar. Dette var litt i meste laget, men det vart slik på grunn av mange søkjarar på trinn 3. Kursa på dagtid hadde noko færre studentar, rundt 15 studentar per kurs. Det var litt fråfall i alle gruppene i løpet av semesteret. Fråfallet kan skuldast både at studentar har meldt seg opp til eit kurs dei ikkje kan ta likevel, og at mange, særleg frå gruppa tilsette, er ein del vekke på konferansar o.l. For dei sistnemnde kan det bli vanskeleg å fylgja undervisninga etter ein fråværsperiode på fleire veker, og nokre vel difor å utsetja kurset/eksamen til semesteret etter. Ettersom det ofte er ventelister for trinn 3, er det uheldig at studentar trekk seg frå kurset etter at det er for seint å la andre få plassen. Som eit forsøk på å møta denne utfordringa, er det no bestemt at dei tilsette berre kan melda seg opp på eit kurs på kvart nivå tre gonger. Vonleg vil det føra til at fleire tek omsyn til andre planar for semesteret før dei melder seg opp på trinn 3. Kursa har elles obligatorisk oppmøte på 75 %, men arbeidsretta reiser vert rekna som gyldig fråvær.

Hausten 2011 var 91 studentar meldt opp til eksamen på NOR-U3, og av dei tok 69 studentar eksamen. Åtte studentar strauk på eksamen, noko som utgjer ca. 12 % av dei som møtte. Karakterane fordelte seg elles over heile skalaen, og gjennomsnittskarakteren var C.

Den praktiske gjennomføringa av kursa på trinn 3 skjer ved gruppeundervisning basert på både lærarstyrt frontalundervisning og mykje bruk av par- og gruppearbeid. I tillegg har studentane presentasjonar, heimearbeid og skriftlege tekstar til innlevering. Kurset bruker eit eige kompendium som er tilrettelagt språkleg nivå og målgrupper, og dette var tilgjengeleg på Studia litt etter kursstart. «Mi side» vert nytta til å gje både praktisk og fagleg informasjon til studentane. For hausten 2011 er det ikkje meldt om særlege vanskar knytt til den praktiske gjennomføringa av undervisninga. Derimot var det ein del studentar som ikkje kom inn i «mi side» før seint i semesteret, og dette bør kunne forbeholdast til neste semester.

#### **Faglærer si vurdering av rammevilkåra:**

Generelt sett passar litt større seminarrom best til undervisninga på NOR-U3, med grupper på +/- 20 studentar. Hausten 2011 vart all undervisninga halde på seminarrom på Sydneshaugen skule, og rammevilkåra var gode. Nokre få tekniske problem vart raskt løyst, og det har ikkje kome inn meldingar frå lærarane om manglar elles ved undervisningsromma eller utstyret.

#### **Faglærer sin kommentar til studentevalueringane:**

Studentane har stort sett gjeve positive tilbakemeldingar til kurset gjennom evalueringane. Trinn 3 – studentane er ei samansett gruppe, og nokre har peika på at progresjonen var litt for rask, medan andre meiner den var litt for sein. Dette viser nok til at det innanfor denne gruppa studentar er relativt store skilnader i språkleg ferdigheitsnivå og ynskjer for kurset. Nokre har også peika på at det med fordel kunne ha vore meir lytteøvingar. Jamt over ser studentane ut til å vera nøgde med metodar for undervisning og informasjon om kurset.

#### **Faglærer si samla vurdering, inkl. forslag til forbetringstiltak:**

Gjennomføringa av NOR-U3 hausten 2011 gjekk stort sett fint, og verken lærarar eller studentar har gjeve tilbakemelding om større manglar. Det er samstundes utfordringar knytt til mellom anna fråfall på kurset og at nokre har mykje fråvær. Her fungerte det likevel godt at nokre studentar kunne få tilbod eit kurs med meir langsam progresjon. Med tanke på språklege nivåskilnader i gruppa er det positivt at me våren 2012 også har trinn 4, eit kurs som kan passa for nokre av dei som elles har vore plassert på trinn 3. Elles bør studentane koma inn i «mi side» ved starten av semesteret. Det kan også verta gjeve meir tydeleg informasjon om korleis ein melder seg på og av eksamen i sjølve undervisninga. I tillegg kan ein utarbeida fleire tilpassa lytteøvingar for dette nivået, gjerne basert på eksamensoppgåver.